



Arkivnr: 2019/16007-3

Saksbehandlar: Bjørg Larsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		11.09.2019

Svar på høyring - Miljødirektoratet - forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner

Samandrag

Miljødirektoratet sendte 28. juni ut forslag til ny forskrift om etablering og drift av idrettsbaner som bruker plastholdig laust fyllmateriale. Forslaget har høyringsfrist 31. oktober 2019.

Forslaget er eit nyt kapittel 23A i forskrift om forureining.

- §23A 1-2 «Formål, Virkeområde» er konkretisering av forslaget.
- §23A 3 «Definisjoner» Her er teke med under ansvarleg – både eigar og den som er ansvarleg for drift og vedlikehald av idrettsbane. Det er viktig for at alle skal føle ansvar for dette.
- §23A 4 «Krav til idrettsbaner». Her er teke med fysisk barriere rundt idrettsbana, løysingar for handtering av dreenvatn og overvatn og hindring av sprenging av gummigranulat via brukarar. Dette er tiltak som saman kan hindre granulat utanfor bana.
- §23A 5 og 8 «Informasjons/kunnskaps og dokumentasjonsplikt» Ansvarleg for idrettsbana må sørge for å informere alle brukarar om tiltak for å hindre granulat av banen og må dokumentere kor mykje granulat som må fylles på og kva for tiltak som er gjennomført.
- §23A 6 «Rydding og deponering av snø» Området for snødeponering skal ha fast underlag med fysisk barriere rundt.
- §23A 7 «Håndtering av oppsamlet plastholdig løst fyllmateriale» Ordlyden er: «Den ansvarlige for idrettsbaner der plastholdig løst fyllmateriale brukes skal sørge for at oppsamlet fyllmateriale i størst mulig grad ombrukes på idrettsbanen eller på andre idrettsbaner som oppfyller kravene i denne forskriften, eller leveres til lovlig avfallsanlegg». Fylkesrådmannen tilrår at det under dette punktet vert inkludert at gammalt fyllmateriale ved rehabilitering av kunstgrasbane som inneholder granulat må leveras til lovlig avfallsanlegg. Dette som ei presisering.
- §23A 9 «Substitusjonsplikt». Ansvarleg for idrettsbana skal vurdere om det finnes alternativ for mindre sprenging av granulat utanfor bana.

Fylkesrådmannen meiner at dette er eit godt forslag der dei ulike sidene er godt belyst.

Utover synspunkt på øvrige krav i forskrifta, ber Miljødirektoratet om høyringsuttale på to alternativ for §23A-12 «Overgangsbestemmelser» for eksiserande baner:

- Alternativ 1: Det vert gitt tre år på å innføre kravet om fysisk barriere og rydding/håndtering av snø, og seks år for å innføre kravet om handtering av dreens- og overvann. Øvrige krav gjeld frå ikrafttredelse av forskriften.
- Alternativ 2: Alle krav i forskriftena gjeld når idrettsbana skal rehabiliteras, dvs. bytte underlag/gjennomgå ei større oppgradering.

Fylkesrådmannen tilrår at forskrifta ikkje skal ha tilbakeverkande kraft, men at den skal gjelde for nye kunstgrasbaner og kunstgrasbaner som skal rehabiliterast. Om denne skal gjelde etter 3 år, vil dette bli for kostbart for baneeigar så lenge det ikkje er støtte ordningar for denne type tiltak.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling sluttar seg til Miljødirektoratet sitt utkast til forskrift for handtering av gummigranulat på idrettsbaner.
2. Under §23A-7 «Håndtering av oppsamlet plastholdig løst fyllmateriale» bør det og vere med at dette ikkje berre gjeld oppsamla fyllmateriale, men også gammalt fyllmateriale ved rehabilitering av kunstgrasbaner.
3. Under «§23A-12 Overgangsbestemmelser» går utvalet inn for at forskrifta skal gjelde for nye baner eller ved rehabilitering av baner (alternativ 2)

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.08.2019

I fylgje ein rapport kjem det årleg utslepp på omlag 1500 tonn plast frå gummigranulat frå kunstgrasbaner i Noreg. Omlag 75% av alle baner har overvatnkummer tilknytt anlegget. Granulat som havnar i overvatnkummane kan spreias vidare til bekker og avløp. Plasthaldig laust fyllmateriale som gummigranulat vil defineras som mikroplast. Det er konkludert med frå Det Europeiske kjemikaliebyrået at det er lav helserisiko for brukarar av kunstgrasbaner med gummigranulat.

I Hordaland er det omlag 200 små og store kunstgrasbaner. Dei aller fleste har gummigranulat som ifyll. Dei eldste banene har granulat som t.d. kjem frå bildekk. Bergen kommune t.d. har dei siste åra bare brukt TPE granulat som er ikkje-vulkanisert gummi. Dette er gummi som har den beste eigenskapen for brukarane og gjer minst miljøbelastning.

Norconsult har vurdert kva for tiltak som er best egna for å halde granulat på banen av omsyn til miljø:

- Drenerande oppbygging/kant rundt banen
- Gjerde
- Granulatfilter i kummer
- Granulat oppsamling i kummer ved innganger
- Granulatfrie kunstgrasbaner
- Koste/rende skotøy ved inngang
- Vedlikehald
- Opplæring
- Sikker lagring av snø

Kostnadane for å gjennomføre tiltaka som er i den nye forskrifta, vil variere frå 56 000,- til 1,6 millionar. Nokre baner har allereie gjennomført noen av tiltaka og vil få låg kostnad. Andre baner vil måtte gjennomføre alle tiltaka og vil ende med den høgaste kostnaden. Medan einskilde eksisterande baner vil ikkje kunne gjennomføre alle tiltak, fordi det ikkje er stort nok område rundt banen til å ivareta sikkerheitssone i tillegg til fysisk barriere.

Einskilde baner er prøvd ut med kork, sukkerrør, sand og utan ifyll. Mykje av utprøving og testing med anna materiale enn granulat eller utan ifyll er dverre stort sett prøvd på Austlandet. Det er eit anna klima på Vestlandet, med konsekvensen at t.d. kork flyt opp ved mykje vatn.

Det vil vere stor skilnad på kva for brukarar som skal nytte seg av ein kunstgrasbane. Om det er ei kunstgrasbane for høgaste divisjon herrar må banen vere FIFA godkjend, og eigenskapar må vere tilrettelagt for hurtige og tunge spelarar kontra om det er ei ballbinge, 7'er eller 9'er bane som ofte har barn som spelar med vanlege joggesko.

EU vil forby kunstgras med granulat innan 2022 og har sendt ut sitt forslag på høyring. Forsking og utvikling av miljøvenlege kunstgrasbaner føregår i heile Europa. I Noreg er NTNU i Trondheim dei som forskar mest på dette. Firmaet Tisca i Sveits produserer kunstgras utan ifyll, og desse banene er FIFA godkjend. i Bergen kommune har lagt dette kunstgraset på Haukeland skule i sommar som den fyrste i Noreg. Ved Tveit skule på Askøy er det lagt ei bane utan ifyll frå annan produsent. Den vart lagt i april og har så langt fått gode tilbakemeldingar frå brukarar.

Denne forskriftsendringa har ikkje med krav om granulatfrie underlagt eller erstatningsmateriale for SBR. Dette vil ikkje vere høve å praktisere med tilgjengeleg teknologi og produkt som er på marknaden i dag.